Vekeplan 5. trinn veke 43

Vekas beskjeder:

Har høyrt rykter om kjempegod innsats i forbindelse med skuleløpet. Bra jobba av alle, og tusen takk for støtten!

Denne veka startar me med forfattarbesøk på mandagen. Ørjan Zazzera Johansen er forfattaren. Me har allereie lært litt om han på skulen.

Det begynner å nærme seg tida for utviklingsamtaler. Kjem med meir info i eiga VISMA-melding på tysdag.

I veke 45 skal me gjennom "Ungt entreprenørskap" vera med på eit opplegg kalla "Smart" saman med resten av mellomtrinnet. Det går ut på at elevane i grupper skal bli presentert eit problem som ein skal finne ei løysning på gjennom ein idè som skal bli til eit slags produkt. Til dette kan det vera at me treng litt hjelp. Så lurt viss ein dei neste vekene tar vare på litt skoøskjer og liknande som kanskje kan vera aktuelt å bruke.

Denne veka vert Bjarte vekke på fredag.

Beskjed frå Grete:
Det hadde vore fint viss elevane kunne ta med eit tomt syltetøyglas el likn i løpet av veka og leggje det i hylla si. For å få av etiketten, kan det hjelpe å koke glaset. Stålull tek som regel limet. Heldigvis går etiketten lett av på nokre glas. Vi skal bruke det i kunst og handverk måndag i veke 44.

NB! Ta med gymklede til gym på fredag.
NB! Underskrift på torsdagstest, og vekeslutt

Mål me arbeidar med	
Sosialt mål	Eg veit at juks er ein dårleg strategi
Norsk	Eg kan skilnad på vits og gåte. Eg bruker replikkteikn og sitatteikn Eg kan skrive øveorda og er merksam på stum -t. Eg forstår det eg les
Matematikk	Eg veit kva ein brøk er. Eg kan kjenne igjen ulike brøker.
Engelsk	I can name many familyroles from a familytree.
Samfunnsfag	Eg veit kva folk levde/lever av i Noreg, både før og i dag.
Naturfag	Eg kjenner til mangfald i skogen, myra, og kulturlandskapet.
KRLE	Eg kjenner til Sikhismens hellige hus

Vekas sitat: **Ein kynikar er ein mann som kjenner prisen på alt, men ikkje verdien på noko** **(Oscar Wilde)**
"Grej og the week"-hint: **Bratt gate**

På måndag	På tysdag	På onsdag	På torsdag
Norsk: Les s. 61-66 i Salto to gonger for deg sjølv og ein gong høgt for ein vaksen. I lilla bok: Lag overskrift «Den rikaste guten i verda» Gjer oppg. 12-17a + nr 24 s. 67 i Salto. Skriv fint, hugs punktum og stor forbokstav i tillegg til oppgåvenummer. **Ta med underskrift på torsdagstesten.**	**Engelsk:** Les s 40-41 i Explore 5. Les 2 gonger for deg sjølv og ein gong for ein vaksen. Skriv orda som står under alle navna i treet i den raude boka di. Alle rolla i ein familie. **Matematikk:** Gjer oppgåve 2.98, og 2.99 s. 76 i mateboka. Merk leksa med tysdag veke 43	**Norsk:** Les s. 193-195 i Salto to gonger for deg sjølv og ein gong for ein vaksen. Gjer nr. 5a og 5b s.198 i Salto i lilla bok. Overskrift: Ha, ha, ha **Lever inn lilla bok** **NB! Torsdagstest**	**Naturfag:** Les s. 42-43 i naturfagboka to gonger for deg sjølv og ein gong høgt for ein vaksen. Svar på spørsmåla s. 43 i rød skrivebok. Merk med fredag veke 43. **Matematikk:** Gjer oppgåve 2.100, og 2.101 s. 76 i mateboka. Merk leksa med torsdag veke 43 **K&H:** Har du hugsa å ta med eit tomt syltetøyglas el likn. utan etikett?

Øveord: Desse skal du kunne skrive på torsdagstesten
hjernen – hjartet – blodet – celle – sjimpanse - latter